

# Årsmelding for Ungdomsskyttarane 2017

Frå januar til juni 2017 var det 14 skyttarar i 4 ulike klassar, frå Ny Ungdom til Junior. Det var 8 frivillige vaksne som har delt på ansvaret for 24 treningskveldar.

Treningane for ungdommane er hovudsakleg på tysdagar, men dei har også moglegheit til å møte på torsdagane. Dette er det fleire som gjere.

I år har me delteke på ca. 20 miniatyr og banestemner. I hovudsak i nærmiljøet. Dei to mest aktive jentene deltok også på sitt første Landsskyttarstemne. Det har vore to ungdomssamlingar i samlaget, fleire av ungdommane har delteke på desse.

Me har hatt ungdommar som har hjelpt til på Agastemnet og på feltstemnet i Kinsarvik. Samt dugnadsarbeid på heimabanen.

Per dags dato er det 12 aktive ungdomsskyttarar i 4 ulike klassar, Ny Ungdom til Junior.

Me har 5 frivillige vaksne instruktørar som deler på tysdagstreningane og Steinar Lund køyrer årets Lapua Cup på torsdagane. Her deltar i år 11 av 12 ungdommar.

Etter sommarferien starta me sesongen med DFS sin skyteskule. Dette brukte me tre kveldar på, med ekstra fokus på oppførsel og sikkerheit på banen. Per Åkre og Svein Kvestad hadde hovudansvaret. Alle ungdommane samt nokre foreldre deltok.

Nytt av hausten er vaksenvakt. Ein foreldre/føresette er tilgjengeleg på banen i tillegg til instruktørane. Ungdommane har hatt meir ansvar for treningane og er flinke til å komma med idear og forslag til ulike treningsaktivitetar.

Ungdomsleiar Bjørg Astri Seljestad